

Ymse fraa

Stefan Fidjeland

sitt liv

Skreven av etter Stefan Fidjeland sine memoarar. Desse blei skrivne på oppmoding frå sonen Aamund S. Fidjeland i 1940-åra.

Olav Kr. Nygaard 1998-1999.

Eg er fødd på Nedre Fidjeland i Vegusdal den 14de oktober 1864. Tvo av besteforeldri mine hev eg ikkje sett; dei var døde fyrr eg var fødd. Bestefar min på farsida var Olav Ommundson, fødd 1782 på Fidjeland, nedre. 1814 vart han gift med Berte Johnsdotter Vatne. 1820 fekk han garden etter faren, Ommund Olson, som døydde då, og ha den til 1845 i september då Ommund Olson, far min, fekk den. Han var fødd 16de juli 1821. Han hev samla ein slegtstavle som gjeng heilt frå nedre Fidjeland blei rydda omlag 1600. Denne garden var fyrr den tid ei bustø til Dovland, sameleis som Røiland. Min bestefar på morsida var Staffen Gundersen Øydegarden, fødd 1794, som 6/7 1829 fekk dottera Berte, som var mi mor. Kona hans heitte Siri Hansdotter Vaagsdalen som altso er mi bestemor på morsida. Henne såg eg berre ei einaste gong. Det var i Robudalen. Det var i januar 1881, me kom der frå min syster Bertes likferd. Då var bestemor, Siri, 82 år omlag og låg tilsengs. Mannen hennar, Staffen, var då død. Bestemor på farsida, Berte Johnsdotter, som var fødd på Vatne i Vegusdal minnast eg. Ho og mannen hennar, Olav Ommundson, selde i 1845 garden til far min, Ommund Olson, og dei gav seg då i follog til han. Ho brukte snus og ha både ein kvar dags snusdåse og ein fin kyrkjesnusdåse. Ved dette at ho brukte tobakk, fekk eg høve til å venja meg til å røykje. Men som heldig var, so slog dei sund pipa for meg, og so blei eg avvant. Ho fekk døden sin ved eit ulukkestillfelde. Ho stod opp ei natt, men datt og brakk lårhalsen. Dette valde store smerter og ho døydde umlag 1/2 år etter. Far gjorde ei stor likferd for henne.

Foreldri mine er altso Ommund Olson Fidjeland og Berte Stefansdotter Vågsdalen, som budde, då dei blei gifte, hos hennar foreldre på Uldal i Myklands sogn. Brudlaupet stod 1848 den 25de juli. Berte var fødd den 6te juli 1829. Dei fekk 11 barn. 9 vaks opp, 2 døydde som små, 1 gut og 1 jenta. Meir om dette i slektstavla.

Vegtilhøve i min barndom.

På nedre Fidjeland var eg til eg reiste på amtsskulen i Hornnes hausten 1882 og var der til våren 1883. Læraren var Jørgen Løvland som seinare blei rikminister, ein usedvanleg dugeleg lærar. Reiste so på lærarskulen i Kr. sand i august 1883 og var der i 2 år; blei dimittera derifrå 13/7 85. Der var ingen vegforbindelse. Wilde ein til byen sumardag, laut ein køyra med hest og slede om Vetrhus og Fjermedal til Haugland. Derifrå kunde ein på ein vis skrangla seg fram på kjerre ned til Kvarstein. Kunde derifrå gå med dampbåtane "Torrisdølen" og "Torridal" til Øvre Ferjestad, Kristiansand. Når Otra ha lagt seg, men ikkje var sterk, so ein kunde køyra henne, måtte ein køyra ut Dalane til Kr.sand. Det var 1 mil omlag. Fyrst då Fjermedalsvegen var ferdig til Vetrhus, kunde ein køyra derifrå og ut, men yver Galteryggheia måtte ein køyra på slede.

Austover var der ikkje veg fyrr far min fekk bygda til å dela avstanden til nedre Engesland, soleis at kvar oppsiddar ha sitt stykke å gjera ferdi og seinare halda det vedlike. Dette var eit godt tak. Vistnokk var det ingen fyrsteklasses veg, men det gjekk godt ann å køyra med kjerra og eit herleg lass. Dermed var ein framme til Varpevegen som blei halden av heradet. Vedlikehaldet om sumaren blei svert billegt. Bortsetjinga gjekk på listasjon d.v.s. den eine slog ned for den andre. Eg hev sjølv køyrt der då eg ha eit bruk i Aas for ei dagløn av kr. 2,97 for meg og hesten. Men pengane galdt då so mykje meir enn no.

Far og mor.

Det er ei stor lukke for barna å ha snille og gode foreldrar. Og det ha eg. Dei viste ikkje det beste dei vilde gjera oss borni. Far var lensmann i Evje og Vegusdal. Han blei konstituera i 1860 og virkeleg tilsett i 1861, altso 3 år fyrr eg var fødd. Han reiste mykje og ha mykje skriving. Dei lange vetterkveldane sat han mykje og skreiv med ljøs som mor ha støypt av talg. Når veiken blei for lang, klypte han den av med ljosesaksa. Han var omframs god til å finna fram i mørket; han kunde koma heim av reise sjølv om me kalla det "steinmørkt". Han ha no gjenge vegane mange gonger, men likevel. Han var ein sjølvlærd mann. Han ha berre vore i Kristiansand 14 dagar for å lære å spela salmodikon. Det var heile hans utdanning for å bli lærar og kyrkjesongar. I 1836 i oktober blei han konfimera, og same året den 6te november blei han lærar. Eg visar elles til slektstavla. Han var sjelden god for å skriva for seg

og andre. Eg såg aldri at han stod forleien med å forfatte nokoslag dokument anten for si bestelling eller for andre. Eg tru at han var meir dugeleg til å skriva for seg enn til å tala. Han heldt ikkje lange talar, men det han sa, var grundig. Han var hjelpsom med folk, både til å hjelpe dei å legge ut pengar når dei var i knipe, og til å skrive alleslags brev og kontraktar. Han var arbeidsam. Endå han ha so mykje å gjera med bestillinga si, rakk han å gjera adskjelleg arbeid på garden. Han blei 68 år gamal; han døydde av nyresjukdom.

Seinste dagen han levde, skulde eg forrette som kyrkjesongar for Jens Klepsland. Den dagen vilde han der skulde bedes for han i kyrkja. Han bad meg koma burt til seng(a). Eg la meg på kne, og han la høgre hand på hovudet mitt og bad Guds signing yver meg. So reiste eg til kyrkja. Han døydde 30/6 1889 i den stundi presten bad for han. Han blei gravlagd 6/7.

Kona hans, Berte, var eit sjelden snilt menneske både med born og tenestfolk. Ho kunde den kunst å gjera heimen hugnadsam for alle. Det ho kunde rekke gjera, var reint utruleg. Der vanka mange folk som skulde finna far. Garden var einbølt og låg litt tilsides, so mange trang mat når dei kom ofte langveges. Der fylgde mykje ståk og matlaging med dette.

Mor var ei tid heim(e) på Fidjeland etter far var død. Så flutte ho til Lande i Vegusdal til dotteri, Gunhild, som var gift der med Theodor Holm. Der døydde ho den 2en februar 1901 og blei gravlagd ved sida av far den 16de februar. Gravi er på den gamle kyrkjegarden mitt for sakrastiet. Ein større minnestein er reist over dei baa. Signa vere deira minne!

Heimearbeidet i mi barndomstid.

Når kvinnfolki ha vore i fjøset og stulla kreturet til natta og molka, so bar dei inn mjølka, sila den gjenom eit tunnt klæde eller ein mjølkesil. Fordela so mjølka i "silbollar" eller "silbyttar" og sette så desse opp på hyllane under bjelkane, so fekk dei seg mat. Det var helst middag dette måltidet med potetor, mjølk og steik eller kjøtsuppe med kjøt. Då var det mørkt vintersdag so dei måtte bruka ljøs som var sett i ljosestake på bordet. Ljosi ha kvinnone støypt. Heime var det mor som gjorde det; dei var helst av sauetalg. Når dei ha slakta om hausten, so tok ho talg og bråna den godt. Ha so ein stor kopp. Over barden la ho fleire pinnar med tråder på. Desse pinnar lyfta ho so litt oppifrå og duppa dei so ned i den bråna talga. Ved soleis skiftevis å duppe desse pinnane med veikane på, so blei ljose tykkare etterkvart til dei blei passeleg tykke. Tok so lysi av desse pinnane når dei var kalde og stive og gøynde dei i "lysekistelen", ein avlang kasse. Til å se i fjøset med eller stolpehuset, nytta dei lykt med eit lite ljøs i. Desse lyktene ha eit overtrekk av "sjåskinn", eit tyndt gjenomsiktig skinn, visstnok fletta av kjernevonn. Seinare blei dei glas i lyktene. Lampar var ikkje enno komne.

So sette jentone seg irad og rekkja på golvet. Kvar med sin rokk eller nokon av dei karda og gjorde "tullar" til dei som spann. Heime var fleire jentor so jamnleg var det 2 a 3 som spann, andre tulla. No blei det forlite med lyset frå bordet, no måtte det vera tørelys frå ovnspanna. Brannjern blei sett fram i omnspanna og tøre vart lagt på. Tøre var gamle, feite furustuer som var gravne opp av jora og spikt fine. Desse spikane la so "lyseper" på brannjernet og sytte for å legge på fleire spikar, når logen dala av. Denne posten som lyseper var vist min fyrste tillitspost heime.

Når snella var fullspunnen, so sette dei henne i "snellehuset" og vann det opp til eit nyste og hengde nystane i eit knippe på veggen. Den som då fekk det største nysteknippe på veggen, når våren kom, var basen. Dei spann 2 slags garn: "veft og varp()", dei tvo slager som skulde vera i veven. Karmennene sat heller ikkje ledige om kvelden. Hos oss var det elste bror min, Olav, som laga tresko, hogg stabbemner til sleder, arbeidde økseskaft, spadski, snørekar m.m. Eg minnast og at han sommetider hogg eike- og bjørkebork på ein stabbe innom vetrkveldane for han laga ler sjølve. Skinn og huder bringde han til Dovlandsbruna og hengde dei i straumen der. Når dei ha henge der ei stund, grov han av håra og ha dei i eit stort kjer, barkekjer, kokte so borken i ei stor gryte og ha denne tykke, kraftige logen på skinn og hudene i kjeret, so blei dei barka til støvlar, sko og soleler. Det var då det tykkaste som blei tatt til soleler. Ein slik kveld var hugnadsam. Der vanka mange "passasier", skjemtord og uskuldig lått. Dei slutta med arbeidet sån kl. 8 -1/2 9, so var det tilbords med kokte, varme potetor og sur mjølk. Dei gjekk iseng omlag kl. 9.

Um morgonen var det fyrst "måråbeten" sån kl. 7 - 7 1/2, deretter i fjøset å stulle kreturet og molke. Var det mørkt, måtte lykta fylgje. So var det å sile mjølka og sette den på hyllane. Seperatorar var ikkje enno komne; dei kom fyrst mange år etter. Var fløtekoppen full, måtte nokon kjinna og stella smøret. Tiast var det kjinnar med kross i som dei sveivde rundt med ein sveiv. Dei gamle stavekjinnane som stod oppreis(t), var ikkje ibruk på desse kantar, ialfald no. So sette kvinnone seg til å spinna att, soframnt nysteknippane ikkje var so store at dei måtte "renne" på "rennebordet". Når det var gjort, sette dei upp vevgongen og vevinga tok til. Der blei vevd både verken til kvinnfolkklæde og vadsmål til karmannsklæde, fyst og framst då til bukser til karane, tiast og til vest og trøye. Sume kosta seg og vest og jakke av byty: klæde og "døffel". Hatten måtte kjøpes; den var anten av filt eller svart eller brun plyss. Desse hattane var svert sterke, mest uslitelege. Det heimebarka leret var og svert godt. Det trakk ikkje , og når det blei sydd tett, so kunde ein gå turr og varm på føtene, likeeins varm med eit sokkepar som no med tvo, då leret no ikkje er vesentleg eike- og bjørkeborkbarka, men mest med ymse slag syror som gjer leret "rove" så det trekker. Skomakaren vår var Knut Neset som budde på Neset ved store Sundstøl, far til Kristian Haugland. Han var god til å sy, fekk det passeleg stort og tett.

Når so vevane var ferdige, blei dei sendte til Gunnar Olson Dovland som "stampa" dei. Stampa gjekk med vatn. Det var fleire tykke plankar som gjekk opp og ned når vatnet sloges på. Vevane låg i stampetronane. Vevane farga dei so heime anten svarte med brisel eller blåe. Det var helst verkenet som blei farga blått. Det måtte i ein fargeså med ymse vedsker i, den stod i sauettallen, der heldt den seg jamvarm. Den blåe fargen heldt seg solenge der var filla att av tøyiet, når berre den rette omgangsmåten var bruka. Somme laga ogso firskjefta ty som var tykkare og sterkare enn tviskafta. Dei som var gode til å veva, laga ogso dukar, tepener til sengar, gyngestolteppe m.m. Tidt var desse forsyna me(d) mange fargar, og tidt var det "løygarn" i dei. Av løygarn som var kjøpt i byen var ogso tidt skjervane, som karmennene brukte om halsen, var laga. Det var jamnast staselege plagg.

Her lyt eg føya til at hyllane som silkoppene og silbyttane stod på var flate, breide bord som var spikra under bjelkane i stova. Det var mjølk i dei, sila medan ho var varm. Desse silkoppene var anten svarva runde av store tre eller bykra av små tre med bund i og gjurder rundt anten av haslestaver eller av jern. For å halde seg godsmaka og luktfrie, måtte dei av og til "bakast" i gloheitt vatn. Slik gjorde dei og med kjinna og fløteambaren, ja, sumetid heta dei og steinar og slepte nedi vatnet.

Den fyrste lampa kjøpte Gunnar Olsen Dovland. Den var til stor bisn. Me unge måtte burt på Storåkeren og sjå lysa gjenom vinnauga i stova hans. Her er omlag 70 år sidan. Snart skulle alle ha seg lampe, so var det slutt med lyseperstillinga. Den fyrste symaskina kom Olav Madson med, bror til Tellei Madson Omdal. I fyrstningi trudde ikkje folk at det kunde bli godt og sterkt syd med maskin, men den trua tapa seg snart. Eg tenkjer her er omlag 70 år sidan den kom. Fyrr ha dei berre havt hånd og nåla å sydd med. Det var eit svert tolmodighets arbeid.

Det galdt i denne tia å klara seg sjølv med mest mogeleg alt. Soleis heime avla me mest all maten både til folk og kretur og hesten. Det var bygget dei bruka til folkemat, til hest og kretur havre og lettorn. Dei turka det på badstova, og kvern var det til dei fleste gardar. So baka dei fladbrød som var ein deileg mat, helsesam og god å bia på. Frå byen - eller og seinare landhandlaren - kjøpte dei anten kveitemjøl eller rugmjøl til "breiemjøl".

Stump var lite bruka. Dei brukte dei beste åkrane år etter år til bygget; soleis Storåkeren på nedre Fidjeland, den store sletta i retning av Dovland. Kreturet fekk helst nøie seg med skoghøi og halm. Reinane og dei beste ækrane slo dei til hestehøi og til å gjeve "nybæranen" noko ei tid etter dei ha kalva. Fidjeland var - og er - ein stor gard. Når dei slog ut det som fall til av slåttone, kunde dei fø 16 a 17 naut medrekna ungtretur og 28 a 30 sauer. Dei slog jamnast 1/3delen av slåttone kvart år so dei bar mykje på seg. Dei avla og mykje. Eit år var det sagt at dei fekk 40 tunnar korn. Om det var sandt veit eg ikkje, men at me eit år fekk 124 3/4 tunne potetor er heilt opp sandt for dei var eg med og tok opp. Då var heile flota ned over til det nordre sumarfjøset i ein potetåker. Jamleg laua me mykje. Der gror ei mengd osp so å segja rundt joret, so der er svert nær etter ved, og alltid hev dei bruka turr ved som blei framkjørt på tunet om vinteren og hoggen opp og so innlodd i håbalen. Smidja var der og på mange gardar. Bror min, Olav, smidde omlag alt som trongst på ein gard, liketil hestesko og

hesteskosaum. Men ljåar fekk han ljåsmed til å smia. Eg minnst at Lars Nomeland, far til Lars Kjellevand var på Fidjeland og smidde ljå. Ellest var det vanleg at slikt som ljå og sigder kjøpte folk ved Engeslands kyrkje preikedagar. Olav skaffa seg kol til smiinga si ved at han og tenestguten sette opp kolmilar. Det var ymse trevaror i desse milane, reiste opp ned og klædd utanpå med torv. So sette dei eld på dei, når dei var ferdigstelte, men dei måtte vera aktige med ikkje å få for stor loge. Dei måtte brenne seint, so treverket kunde forkolast, men ikkje brenne opp. Likeeins skaffa han seg tretjøre sjølv til å smøre skosolane med for huslyden og til å blanda med talg eller feitt til skosmolt. Tjøra fekk han fram ved å spika fine feite tørestuvor, lø dei etter kvarandre på eit fjell som halla og med ei jordkjella i enden av fjellet som tjøra kunde samla seg i. So tende han på, blåste med ein belg, so rann tjøra etter fjellet og ned i kjella. Det tok herleg tid fyrr alt var utbrendt, difor måtte dei vake over slike milar. Sleder arbeidde han seg sjølv jamnast. Kjøpte så stålsko i byen og la under meiane på vintersledane. Det hende nokk og at han fekk andre til å "sko" sledane. Han kunde jo ikkje rekka alle ting. Hesten skodde han sjølv. Cirkelsag ha Fidjeland saman med Dovland ved utlaupet av Nordåna i Dovlandsvatnet. Men då Olav ha kjøpt garden, selde han sin part til Dovland og bygde seg sag midt for Nordjordsekrane heime i Heimeåna som renn ned like vestanfor garden og ut i Dovlandsvatnet. Som regel skar han sjølv alt. Og det var mykje skjering: alt som trongst i garden til allslags matrialer og so tekkematerial til alle dei mange skoglør. Skar ogso bord til salg. Det var helst 8 tumar breide bord, 1 tume tykke som han då om vinteren kjørde til Holehaugen i Torridal og selde. So flota dei dei ut Otra til Kr.sand og selde dei. Der var sver trafikk med dette. Ein vinter var eg med å køyrde bord heimantil og ut Oggevand. Dette var mest glatt is, kunde difor lesse mykje. Han køyrde med ein stor, rød hest som han ha gjeve kr. 1000 for av John Vetrhus. Eg køyrde med ein fille blakkete kamp. Han ha lus. Olav smørde den over med parafin, so flagna heile hesten so han måtte slagte den. Her var svert kaldt; me budde i Neset på eit loft. Der klakna støvlane fast i golvet om nettane, me kunde se over til Store Sundstøl; loftet var ikkje tettare enn so. Me bruka berre eit sokkepar. Det syner at den tids støvlar var tette og varme.

Folk måtte ha nokre kontantar. Det var til dei ting som skulde kjøpast i byen: Kveite- eller rugmjøl til "breiemjøl", litegrann sukker, noko gul såpe og litt fin såpe, tørklær, hattar, klæde, døffel, løygarn, bendelband, kanteband o.s.b. Til byen var dei berre eit par gonger om året. Losiet vårt var hos Maren Slagtar oppe på eit hjørne midt for Todenskjold gates skule. Huset stend der enno.

Andre utgifter var til å løne gut, jente, juring, og haustonnfolka og anna. Men lønene var små. Anne Vatne var tenestjente hos oss i mange år. Ho ha 14 dalar (56 kr.) om året og kosten. Haustonnlønane var for karane 7 a 8 kroner og kosten. Den største dagløn som blei betala var for floting. Det var 2 kroner for fulle, raske karar på eigen kost. So var det litt utgift til skatt, men skattane var små då, då det var så mykje som gjekk inn natura. Fattigfolk gjekk om hos folk "på legd" når dei ikkje lenger kunde arbeida, nokon dagar hos kvar. Eller dei blei bortsette til dei som vilde ta dei billegaste. Der blei halden listasjon, der bøndane mødte og slog ned for kvarandre. Dei fatige blei sjeldan haldne ordentleg reine. Det var so tidt lus; for dei som reiste rundt på legd var det verst, for når det berre var for nokre dagar, so totte inkje folk dei kunde ha den bryen å gjera dei reine når dei so snart skulde flytte til ein annan stad. Vegutgiftene var små då bøndene slog ned for kvarandre. Skuleutgiftene var små. Tidt var det omgangsskule, og då ha læraren kosten dei dagane han var der med skulen, og då var det vanligt at born som losera skulde ha kveldsmat: varme potetor og sur mjølk. I staden for pengar var det tidt at fattigfolk skulde ha korn eller mjøl, og då var det somme som spissa dei av med lett-korn eller dårlegt mjøl. Dette heldt seg lenge. I fyrstningi av 1890 åri var eg med i fattigstyret i Vegusdal. Då minnst eg at me gav Langeper i Løynjøret (Ein tater som ha busett seg i ein plass under Sørli) setel til å gå til Evelid og hente mjøl. Men han mødte fram i fattigstyret og sa: "Før eg skal gå til Evelid å hente mjøl, før skal beinane rotne unnav meg" Då blei det slutt med dette i Vegusdal. Det var so gamalt tilvant slikt, at ein kom som ikkje på at det kunde vera onnorleis. Heretter fekk dei setel som dei kunde få mat på. Sidan ha fattigfolk det omlag som andre.

I denne tia me her hev havt føre oss, ser me, at folk måtte lære seg til å klara seg sjølv mest mogleg med allslags arbeid, det var dei opplærde til frå barndommen. Men det var vel få likevel som kunde gjera så og segje alt som trongst i ein gard slik som Olav, bror min, og som eg her hev fortalt. Han var desutan ein sers arbeidskar, endå so liten han var. Han var under medels høgde og ikkje meir utlagd enn vanleg heller mindre, men han var meir enn vanleg uthaldande, so han blei sjeldan trøytt. Eg hørde berre ein gong at han sa han var trøytt, då ha han skore på saga. Han tottes ikkje skunne seg, men det gjekk som ein maskin. Og når kvelden kom, ha han rukke so veldig mykje. Han og Eiliv Katerås bygde ei skogløda på ein dag. Det var Djupemyrløa ved bytte med Belland. All matrial som dei skulde bruka, låg på plassen. Og dei "nakka" den ihop, men likevel. Den som ser løa den dag idag, finn det reint utrulegt. Om kvelden spurde Eiliv Olav: "Er du ikkje trøytt ikveld?" Han svara: "Eg kan ikkje segje det." Til å køyra var han svert snedig. Mest alltid var det han som køyrde fram dei store lastebrokane som han selde kvart år. Eg trur no likevel at det mest synlege døme på kreftane hans og flit er uthusbygningen på nedre Fidjeland som blei bygd 1900. Han køyrde fram alle dei svære steinane både til bygningen og låvebruna. Han døydde heime på Fidjeland av lungebrann, 66 år gamal, og blei gravlagd på den nye kyrkjegarden nede ved elva. Gravi hans blei graven oppatt då kona hans, Gjertrud, blei gravlagd 19/8 1942. Dei som no ligg på denne kyrkjegarden er Siri, Ragnhild, Olav og Gunnar av våre søsken. Og no kom Gjertrud til. Og i 1927 blei Siris mann, John K. Fidje, gravlagt i Siris grav.

Olav dyrka opp garden svert. Det var han som søkte avlaupet til "Myra" og dyrka henne opp. Fyrr ha der vore berre åpne pytter. Dei kom ut, men elles var dette arbeidet noko missluka, for avlaupet til åna lå so høgt at vatnet kom ikkje nokk ut, so der blei klein avling på den. Då han i 1887 kjøpte garden av far, gav han 32000 krunor for den. Det var 2 bruk, der ned og der oppe. Til "der oppe" ha eg odelen og far spurde meg om eg vilde kjøpe dette bruket. Men eg svara nei, og so selde han båe bruki til Olav.

Skogen og fiskeriet.

Der var ein deilig skog på Fidjeland då Olav tok med garden, og det er der den dag idag. Min far var sers dugeleg til å stelle skogen; det var han som blekte ut det som skulde hogges. Han tok det som skulde vekk, so skogen blei so "påleia"; den blei berre betre år for år endå han hogg inkje lite kvart år. Ein dugeleg hoggar sa med far so eg hørde på: "Om eg hogg last kvar virkedag heile året rundt so tru eg ikkje eg kunde halda unna tilveksten." Nordskogen er mest grovsam; der er djupast jord. I dei seinare år er der hogge forlite, so den er altfor gamal. Det gjeld åri frå Olav døydde til krigen. Sidan er Nordskogen hoggen på 9 tumar 12 fot og då blei den hosta tunn. Ytreskogen blei so reint skjemd av stormen om hausten 1921. Dei stader som halla mot vest blei so reint fortekne.

Det var eit riktig bra fiskeri til garden. Det er delvis skjemt. Nordåna gjeng frå Vassvatnet ved Vatne og Kjellvatn ned til Dovlandsvatn. Om hausten når fisken "gjekk" nedetter frå Vassvatnet, kunde ein jaga den i garn og få svære mengder. Eg minnast ein haust tvo var av og jaga i garn. Dei sette tvo garn eit godt stykke frå kvarandre, so vassa dei i elva og slog i vatnet med stenger so rømde fisken og blei sitjande i garna. Dei fekk 4 Td (?) og 14 mark so dei var heilt beleste då dei kom heim. Når det blei so mykje om gongen, stelde mor til rakefisk eller spekefisk som var god å taka til om vinteren. Dette var feite, store aurar raude i fisken. Olav laga eit "fiskekjer" eit stykke ned i elva. Han la ein stor stokk tvers yver åna, bygde eit lite hus med renne til. Det var ikkje so tett at huset blei fullt, heller ikkje heilt tomt når ein slo av vatnet. Fisken låg då og spradda. Ein drap den, tok den med og slog på att vatnet. Men der er ikkje so godt med fisk no, kva det no kan koma av. Somme trur det kjem av alt saggugget frå sagane som sviv no so mykje meir enn fyrr. På Heimreåna jaga me og i garn og so "lystra" me og. Me laga bunter av tørespiker, sette eld på dei, so kom fisken og skulde sjå kva dette var. Då kom den tidt so nær at ein kunde stikke den med lysteret, eit jerm med gjenhaker. Det var diverre tidt at fisken sleit seg laus av lysteret og rømde såra, og det traff at ein seinare fann slike daude. So var det fiskeriet i Storevatn og Ystevatn serleg om våren når isen gjekk. Då sette ein ut 10-12-14 garn om kvelden og tok dei oppatt om morgonen. Det var fleire år eg måtte vere med Olav både kveld og morgon. Om kvelden var det ikkje so kaldt,

men om morgonen kunde det vera dyktig kaldt, slik å ro millom isflengane å ta oppatt garna, taka utor fisken og greida garna. Olav kom tidleg å vekte meg om morgonen for me måtte vera heime att til dei andre skulde ete morgonmaten. Og so var det på arbeid. Eg minnst eg kunde vera trøytt etter fisketuren og so "følle fora" eller anna vårvinnearbeid, gutunge på 8-12-13 år som eg då var. So i håbalen "laude" me kasane, so stormde skjebbane til, so kunde me fiska dei med krok med beite på og stong, eller håve dei opp med håv. Den var laga som ein sekk, vid oventil festa om ei jur av jern. For å lokke sjebbane til, brukte ein å hive i krusbrot som glinsa. Når der so stod mange skjebber over hoven, trakk ein den opp med både skjebbane og glasbrota. Når ein slik ha hova nokre gonger, kunde ein ha byttevis med skjebbar. Det var moro både å håve og fiske med krok. Når ein fiska med krok ved kasen, kunde det hende ein fekk aure og, men det var sjeldan. Etter auren rodde ein med flue, otter og sluk.

Gjætaråri mine.

I mi barndomstid ha ingen enddå byrja med å gjerda inn skogane. Alle måtte difor ha seg juringar. På Fidjeland der dei ha dei so mykje kretur, var det vanlegt med 2 juringar. Dei åri eg jätte, var me alltid tvo. Den fyrste sumaren eg jätte jamt var 1875. Eg ha jätt lidit sumaren fyrr. Gunhild, syster mi, var ein tur til Uldal, ca. 3 vikor, då jätte eg med Gudmunn Bjoraa, som Gunhild jätte med dette året. 1875 jätte eg saman med Olav Davidson Bjoraa, bror av Gudmunn. Han var noko eldre enn eg og han narra meg til mykje stygt. Han var ikkje god med kreturet, og ikkje sjeldan fekk han meg med på at me skulde "stagge" forlenge. Det var vanleg å stagge 2 timar, frå kl. 12-2 når det var midtsumar og mykje gras. Å stagge var å ha kreturet inn på støa, ein stad dei var vant til å stå eller legge seg å jorte å kvile. Å jorte d.v.s. ha graset oppatt i kjeften å finttygge det, blanda det med spytt og so svelge det nedatt. Når her var godt ver, var det hugnadsamt å jæte, serleg når me stagga, kunde me ha moro, bade om der var vatn og leika med ymse ting. Eg minnst soleis eingong på Svartefjellstø at eg klauv so høgt i ei høg gran at eg kunde gripa om toppen. Det fyrste me gjorde når me kom på støa og kreturet ha fenge roa seg var å ete middagsmaten, som me ha i ei lerskreppe på ryggen med 2 faslar. Der ha me god mat: Kvar si samanlagd "juringløpse" av byggbrød. I "juringøskja" ha me kvar sin juringskatt, passeleg stort smørstykke og so "møsmør". Eg minnst ein dag dei ha gløymt å legge i juringsøska; men eg fann på råd. Eg molka mjølk i øska og so sølde me brød i og åt. 1876 jätte eg med Mathea Reiersom frå Kristiansand. Det var det gildaste juringår eg ha. Ho var språtande til passelegheit, ha godt humør og so fortalde ho meg eventyr. Det totte eg var so utruleg gildt, og det sette min tanke og fantasi i sving. Ho var so sver til å binne sokker. Ho kunde jæte og binde ut ein vaksen karmannssokk på ein dag. Ho vilde endeleg binde, og når ho ikkje ha meir bindingsgarn, so var det å gå til mor og segja: "Får eg ikkje bindingsgarn, skal eg slå hue av dykk!" Ho var so full av skøy.

1877 jätte eg med Katrine Reiersom som var einøygd. Ho var meir still av seg. 1878 jätte eg med Anne Lunden frå Lunden i Vegusdal. Ho såg so trist og langsam ut og var vist ikkje lite tungsindig, so det for meg var ein trist sumar. 1879 og 1880 jätte eg med bror min, Gunnar.

Me ha lang dag og lang sumar. Me slepte kreturet om morgonen kl. 8 og "stylla" (ha det inn) kl. 8 om kvelden. Det blei altso 10 timers dag, når me stagga 2 timar til middag. So jätte me heilt til mikkelsmøssdagen; då fekk me lov til å sleppe i joret middag den dagen. Den seinste månaden jätte me på slåttane; då ha me inn kreturet umlag kl. 7. Om sumaren gjekk me på bandtresko og leggesokker. Det tru eg var sundt. Vatnet rann av so me mykje gjekk turre på føtene, og so var det sers luftig fotefær. Men seinste månaden blei her so kaldt at me ha heile sokker og overlertresko. Det var tidt kalt, serleg seinste månaden, når det var mykje regn so me blei gjennomvåte, ja, om sumaren og tildels. Eg ha mykje akselskinnet med meg. Det var laga av 2 kalvskinn. Det verja veldig av for rygg og bryst. Men det kunde bli ubehageleg når ein var nærpå turr dei fleste stader ovanom og blaute andre stader. Eg minnst at eg eingong gjekk under eit lite tre og rista det, so eg kunde bli like våt allestader. Når eg i mi tid mest ikkje hev hatt gikt, so meiner eg at det kjem av at eg so mykje hev bruka akselskinn og vore jamn til å skifte turt på meg når eg kom inn om kveldane. Dei lo av meg når eg sa at eg ikkje vilde selja akselskinnet for kr. 2000 soframnt eg ikkje kunde få att eit.

Det var tvo tider det var serleg vanskeligt å jæte. Det var i ”bøiketia” og i ”syppetia”. Bøyketia var midt på sumaren når her var riktig varmt, stilt og mykje ”avvåte”: Flugor, storklegg, skjereklegg og blindingar. Men allerverst var det når bøiken var ute. Dei var redd den skulde stikke dei på ryggen so fekk dei verar om våren som ein då kunde klemme ut og trø i hæl. Dette var stor smerte for dyri; dei kunde ikkje sjølv få dei vekk. Kreturet hørde bøiken på surren; då sprang dei som dei var galne anten inn i tykke holt eller til vatn. Dei vassa uti so rumpa blei våt og so daska dei vatn over seg med den. Bøiketia slutta om lag 29de juli (Olsok). Noko viare bøyking ser ein ikkje no. Eg trur det kjem av at folk no føder kreturet betre om vinteren so skinnet blir tykkare, so tykt at bøyken ikkje kan stikke gjennom, so bli her ingen verar og ingen bøiker. Syppetia var om hausten. Verst var det med sypping når her var mykje regn for då blei det og mykje sopp.

Lastedriving.

Lastedrifta var billeg på Fidjeland. På nordkanten av skogen gjekk Nordåna, langs heile austkanten gjekk Dovlandsvatn, Storevatn og Ystevatn. So kom Heimeåna, den som kom ned frå Jokelid og vestre Fidjeland og delde skogen om lag midt i tvo. Båe elvane var flotande i. Der var stemmar i båe elvar so vatnet kunde haldast inne til der var nokk til flotevatn. Når ein so fekk lasta flota ned i Dovlandsvatnet og levera i bom, so var ein kvitt den. So kom Dovlandsmennane som var tilsette av Fellesflotinga til å bringe den ut på Osen utienden av Ystevatn, so var den dermed levera.

Mine år i folkeskulen

Fidjeland høyrer til Dovlands skulekrins. Der var omgangsskule då. Læraren og borni for på omgang i alle heimane i krinsen. Dertil kom at husens folk sat inne med alt sitt arbeid, so skulen ha ikkje eingong eige rom. Det var ikkje so greit for folk; dei ha mest alltid berre eit rom. Det var berre hos Anders Gjeruldsen Engesland me ha eige rom. Det var eit kammers, men golvet der var so kaldt at beinane blei mest stive. Eg fraus so der at eg mest alltid blei svert forkjøla. Men læraren sette so stor pris på eige rom at han vilde me skulde vera i kammerset likevel. Det fyrste eg var i skule, var det so lite matriel, at læraren bar det med i ”skuleskrinet”, som var av tre med fasler, so han bar det på ryggen. Det var lysegult måla og inneheldt nokre lesebøker, reknetabellar og skulen sine protokollar. Skrinet segjer dei stend ”der vest på Dovland”. Ikkje eit kart eingong. Det traff at læraren tok med og la fram midt på bordet og synte oss litt om landane, men det var sjeldan. Og når so ca. 30 born måtte tøyge seg fram for å sjå so blei det ikkje mykje me lærde. Noka sogebok anna enn Vogts lille bibelsoga ha me ikkje i dei fyrste åri. So ha me Pontoppidans lille forklåring som me lærde utanåt, ”kortbegrep” og so lærde me sume tid salmar utanboks og til helgane evangeliane. Og so testamentlesing. So var det skjønkskrift og rekning etter tabellane. Seinare var det Feragens reknebok for dei største og beste. Når det blei skumt om kveldane, tok læraren hovudrekning med oss eller utanboksstaving av vanskelege ord.

Lærer i denne tidi var Halvor Heimdal. Han eigde eit lite gardsbruk på store Sundstøl me kalla. Han ha visst ikkje hatt noka utdanning og med desse læremidlar han ha å hjelpe seg med, so er det underleg det kunde gå sopass. So heldt han og bra disiplin. Skuletida var berre 12 vikor.

Lat oss so sjå ein skuledag i denne tia. Kl. 9 kom Halvor Heimdal tilgards med skuleskrinet, dersom det var flytning til ny plass. So var det å finne plassen sin omkring eit eller fleire bord med benker rundt, eller lause bord som låg over stoler. Sumetid sat me svert trongt, verst var det når me skulde skrive. Frå kl. 9-10 var det den eine dagen forklåring, den andre dag bibelsoga. Læraren hørde opp leksa og so ”spurde han gron” (eller katekiser). Nederste avdeling ha då skrivning eller hørde på. I den fyrste tia av mi skuletid kan eg ikkje minnast at me ha friminnut, det kom seinare. Læraren gjennomgjekk ikkje den nye leksa. 10-11 var det skrivning for dei ”store” og leksehøyring for dei ”små” og staving for dei allerminste. 11-12 var det tiaste lesing. Når neste avdeling las høgt, las dei øverste lågt for seg sjølv. Kl. 12 var det fri til kl. 1. 1-2 var det jamnast bibellesing eller rekning. Der var 20-30 born so der var

nokk å gjera og høyre. Når der so sat 1 a 2 og spann eller bandt sokker, votter o.s.b., ein eller 2 karmenner hogg stabbenner, arbeidde tresko eller arbeidde økseskaft eller anna, so var der mykje for borni å høyre og sjå på. Det var eit under at ein kunde få læra noko på slik vis. No var det ikkje so ille allestader. Somme stader heldt husets folk seg toleg rolege og sat mykje å høyre på. Men det var so vanskeleg for læraren å få laga det so at både dei store og dei små kunde verta haldne i ånde. Når so klokka var om lag 4 so song me eit salmevers og so var det slutt for den dag. Dei som ha nokolunde kort veg, reiste heim. Dei andre losera anten på skulestaden eller hos naboen. Var det godt føre, rann me på ski i middagskvilda og sume tider og litt om kvelden før med tok fatt i leksane. Om kvelden når me ha slutta, tok me oss mest alltid eit måltid mat. Då var det tiast skulelefse og sidesteik av gris eller sau,- den steikte me mest på gloen. Morgomaten var lefse eller stomp med smør og møsmør. Føre leggetid var det jamnast at dei me losera hos spandera kokte potetor og sur mjølk. Var det på den staden skulen var, so var læraren med tilbords saman med borni og huslyden. Var det lang skuleveg, kunde det tidt vera trøytande især for mindre born og dårlegt føre. Og so var det å bere nista for jamnast 1 vike i ei lerskreppe på ryggen. I lerskreppa bar me ogso steintavla me rekna på med griffel. Me rekna på tavla, spytta på tavla eller tavlefilla og viska det ut. Dette var ikkje mykje helsesamt. I skreppa bar me og skrivebok, lærebøkene og testamenter, so den var ikkje lite tung, serleg når ein var fleire born frå same heimen og nokre so små at dei ha nokk med seg sjølv. Læraren ha jamnast 2 krinsar, 12 vikor i kvar = 24 vikor. Halvor Heimdal ha tiast Skreros og Dovlands krinsar. So var det og i lærar Østen Gaasland si tid. Etter Halvor Heimdal kom Aasmund Nordgaard som me ha 1 år. Det fyrste året Gaasland var lærar her, ha han berre vore på Kopervik lærarskule, men so reiste han på Stord seminar og var burte 1 år. Som vikar ha me Simon Jenson Sortland, men han ha berre gjenge eit lærarkurs so han var ikkje so flink og dygtig som Gaasland var, serleg då han ha vore på seminariet. Då fekk me forteljingar av han i Norigs saga, og han var god til å fortelja. So blei det moro å gå i skule. Eit år ha me Gunnar G. Dovland til lærar. Eg gjekk på skule til eg var 15 ½ år for eg likte å gå i skule. Eg blei konfirmera av presten Andr. Rasmussen hausten 1880.

Eit par pussige historiar lyt eg ta med her. Salve Eikelia gjekk i skule hos oss og budde der. Han sat om kvelden og las på lekse i bibelsoga: "Øydela desse manndraparar og sette eld på deira stad." Salve las: "Øydela desse manndraparar og sette eld på deira stav." Mi syster, Gunhild sa: "Du må vist lesa om att." Då las han - - - "og sette eld på deira satan." Me las i testamentet: So las Ingeborg Belland: "Mine okser og mine fede klæder er slagtet kommer til brølløps."

"Rare" personer. (Originaler).

Det er stor skildnad på i min ungdom og no. No tykst den eine stelle seg og vera om lag som dei andre. Men i mi barndomstid og utyver var der fleire både menn og kvinner som skilde seg ut. Fyrst vil eg nemne "Skjeggeruen". Han ha ein plass under Vatne i Vegusdal som heitte Skjeggeru. Han ha fenge eit fælt synemerke i anlitet av ei vippe i ein dreiestol. Nasa var mest heilt nedslegen innienden, difor tala han noko utydeleg. Dei fortel om han, at då kona hans døydde, hola han ut ei stor, hol osp og la henne i. Om notta tok han ut med henne på ein kjelke og vilde til Vegusdals kyrkja og grava henne ned i kjøregarden der. Men på vegen la han seg i eit vatn både med seg sjølv og liket. Eg hev ikkje høyrte koss det tok seg. So var det "Pysen Meeland". Dei kalla han so avdi han gjekk om i bygdane og var ei nott hos kvar. Han spela på munnharpe og kjælde med kattane. Han ha eit honn som der var eit stygt bilæte i. Det gav han seg stundom til å stire i sjølv, og når det skulde vera gluft, let han andre og se. "Luffe Johannes" var og original. Han reiste rundt. Han ha skadefrose so sönleg på føtene at han kunde ikkje gå på sko, men berre på luffer. Eingong heime høyrde eg han tala med seg sjølv, då han ha lagt seg, han blei lagt med skinnbleie: "Det var ein god fell. Å det var ein god fell!" Skinnbleie bruktes mykje i den tia. Dei var laga av sauskinn. Dei klypte sauen litt tidleg på hausten og let dei gå til håra var nokkso lange. Slagta sauen og ha på skinnen ei velling av salt, mjøl og litt vatn, då kunde dei halda seg nokkso mjuke til skinnbleimakaren kom. Då var det han og husens folk som "trødde filling", so dei blei mjuke. So tok skinnbleimakaren "røkkespaden" og skov dei reine og so sydde han deim saman. Sovidt eg minnast, gjekk der 6

a 7 sauskinn til ei ordentleg skinnblei. Dei var utifrå varme og gode å ligge med, men dei blei sløyfa, vel helst avdi dei var vonde å halde reine for krypande og hoppande smådyr. Dei måtte av og til ha dei i badstaua og ”døye” dei som det heitte. Dei passa helst på når dei elde for å turke korn. Når dei ha teke det av benkane var der svært varmt likevel. Vår skinnbleimann var Tellei Madsen. Der fylgde mykje spøk og moro med han.

So var det 2 kvinner som var nokkso like på fleire måtar. Det var Lisbett Skaren, som då budde på ein plass under Tellef Røilands bruk på Røiland, og Aslags Kari som budde på Furholt. Båe tvo bad seg og båe tvo ”tala vondt om folk”, so folk var redde dei. Kan hende gjorde dei, for at dei skulde få meir av folk, når dei ”tagg” seg. Det var helst smør, kjøt, flesk dei vilde ha, men dei tok ogso mot andre ting om dei fekk. Ja, dei brukte ein fæl munn om folk. Lisbett var gift med ein som heitte Gunnar. Han blei av folk berre kalla for Lisbets Gunnar, for Lisbett førde vel styret i Skaren. Lisbett nærde seg og med å selja sukkertenner til folk med Engeslands kyrkja preikedagane. Ho ha dei i ei stor tine. Men den trafikk blei det slutt med. Gamle Gunnuf Aas som var ”medhjelpar” nara ungane med kyrkja ein prek til å hive sann og småstein i tina hennar. Lisbett og Gunnar ha 2 døtre: Gunhild og Inger. Ein dag kom Inger til oss for å tigge salt. Ho flidde fram ei fille. ”Kor mykje skulde du ha”, sa mor. ”Full filla”, sa Inger. Sjur Vatne ha folk mykje å herme etter. Han kom til ein gard eingong. Der spurde dei han: ”Kormange born hev du?” ”Eg telde ikkje, men eg såg der var mange.” Han ha ingen. Når her var kaldt om vinteren og han var ute og kørde, var det sumetider han ha over seg ei skinnbleie.

Høi- og kornberging, tresking, maling og baking.

I haus(t)onna var dei ikkje enno komne til med hesjing. I uversturar var det berre å springe å ”venne”, kan hende dag etter dag. Endå so langt fram som i 1891, då eg var eigar av Aas i Vegusdal, ha eg ute litt over 40 lass. Me fekk inn mesteparten, berre eit par lass kørde me på skogen; men høiet blei svært ringt. Konnberginga var om lag som no. Heller ikkje her hesja dei. Det var festing på staur, som kallast å ”feste opp.” I den tia skar dei kornet med sigd. Når dei ladde kornet, brukte dei ”konnskote”, ei lang trestong med spiss og kluft i den eine enden. Var løa lang, trong dei kornkråke, ei jente eller gut som kasta bandet til den som ”ladde” d.v.s. som la det i floner med enden av bandet inn mot veggane for å hindre mus frå å koma til.

Når so potetone var opptekne og anna naudsynlegt utarbeid var gjort, so var det å treske. Det var vanlegt å ta av ”staen” 1 treve om gongen og legge på låvegolv. Det var 26 band, 13 band til kvar sida med aksa mot kvarandre. Når det var 2 gode treskarar, rakk dei opptil 1 teig = 20 trevar om dagen. Dei treska med flyglar. Det var ”handvol” og ”slagvol”, båe av tre, samanbundne med reim (kurre). Slagvolen var noko kortare enn handvolen og tykkare. Den var det som slog laust konnet. Når dei so ha treska alt eller ein god del, so var det ”å gjera av låven”. Konnet (”visten”) blei so moka til den eine enden av låven, so sette den som skulde ”kaste” konnet seg innmed og tok med ”kasteskolpen” ein del av konnet kvar gong anten over eine aksla eller over hovudet. Agnane, som var lettast, blei liggjande bak ryggen, lettornet dernest, og so konnet. Det som kom lengst var det tyngste og beste konnet, ”veggeråna”. Av den tok dei tiast til fræ til neste år. So var det å ha konnet på badstova som dei (hadde) på mest kvar gard. På badstova var badstoveomnen jamnast av berre gråstein. Oppe under taket var badstubenkar, ein på kvar sida. Når dei so ha ”bore på” badstova og lagt det passeleg tykt, so la dei i badstoveomnen, for turt og godt måtte konnet vera elles kunde det kline seg på møllesteinane. No passa dei på når der var passeleg varmt i badstova å henge inn skinnbleiar og anna klæder som skulde ”døies” so var det døden for mogelege smådyr. Når kornet var turt, var det å bera eller køyra det til kverna.

Bygdekvernan var innretta soleis: Eit lite hus som var timbra på 4 digre trestabbar eller oppmura stabbar av stein. Inni var øverst kornvia, vid oppe og smalka nede. I den tømde dei kornet som skulde males. Under den var ei innretning som passa kor fort konnet skulde dette ned i kvernauga. Der var ein stav som stod på oversteinen. Når oversteinen sveiv, rista nemnde innretning og fekk konnet til å dette passeleg fort i kvennauga. Framanfor kvernsteinane stod mjølkjista, laga slik at den samla opp mjølet vel. Der var lok som kunde slåast opp, so mylnaren kunde se om mjølet blei passeleg fint. Der var 2 kvernsteinar,

øvrasteinen og understeinen. Der var mange ”konn” i dei, millom desse skovs kornet til mjøl. Steinane kom helst nordantil frå Thronhjems-kanten. Dei var runde. I øvrasteinen var eit rundt hol, kornauga. Under i denne steinen var laga eit avlangt hol til ”siglet” som var festa til kvernkallen oppienden av den. Kallen var runn og med ”fjorar” nedienden, midt for kvernrenna. Nede var kallen stelt slik at den sveiv på eit solid underlag, og både oppe og nede var den jura med solide jernjurar. Tvers over åi var stemmen, og frå den gjekk kvernrenna ned til fjørane på kallen. Der var laga ”stemhommer” som ein trakk opp eller ned alt etter som ein vilde ha kverna til å gå eller stå. Ha ein mykje vatn på kallen, sveiv han fort og kverna mol fortare. Når ein fekk mjølet heim, gøymde ein det i mjølbinger eller i kjer. Somme mol halve avlingen om hausten og resten om våren, andre mol alt om hausten. Det måtte oppebevarast turt elles kom der ”mit” i det.

So var det bakinga. Dei var tiast tvo til å bake fladbrød. Ein bakte ”føre”, - den laga emnet og bakte noko på leiven, so tok den andre bakstefløien og nippa den til seg og bakte resten på leiven og la den med bakstefløien på bakstehella og ”rødde” den med ei rein fille utienden av eit langt tre. Filla duppa dei i vatn so leiven fekk noko vatn. Eller når det var framanbrød eller høgtidsbrød, so rødde dei med mjølk, finast blei det med ”råmjølk” når det fall seg so at ei kyr hadde kalva. Før dei rødde var det nokso tidt dei for over leiven med ”brødtrulla”. Når leiven var passelig steikt, tok dei den av hella. Til ”å sitje med hella” ha dei helst den mest drevne bakaren, då det var vanskelegaste. ”Bakstekjølvane” i den tia var rita berre på langs; no er det mykje ibruk å rita dei både på langs og tvers. Mange baka om hausten so dei ha heile året, andre baka både haust og vår. Brødet ha dei i stolpehuset, eit hus som stod på 4 stolpehusstappar for mus og rotter ikkje skulde koma inn, og trappa var litt langt ifrå huset av same grunn. Som tiast ha dei berre eit lite vinnaug i stolpehuset for at der ikkje skulde bli for varmt då det var skadelegt både for brødet og mjølet. Heime ha me ogso eit brødiskåp me ha brødet i for å bevare det godt.

Høgtidene.

Jola var den største høgtida. Me borna venta lenge på den. Jolaftan trudde eg at no var ho nådd til Kattebakkløa. Når kvinnfolka ha stylla, so åt me fyrste målet. Det var anten fleskesteik med mykje flot eller ribbeinsteik. Fyre måltidet gjekk ølskåla rundt, og til maten var det jamnast ølost. So kom far inn med joletavlane under armen og med hamar og spiker i nevane, og so sa han: ”Tukk dykk no born!” og so han til å spikra tavlane opp. Ja det var høgtideleg totte me. Joletavlane ha bilæte og til dels lesnad. Når me totte jola var slutt, tok far dei ned og gøymde dei til neste jol. Dette var istanfor joletre som fyrst blei ibruk seinare. Hennimot leggetid kom jolegrauten på bordet, og medan me åt den, var det nokkso vanleg at dei skaut utanfor vinnauga. På Birketveit fortel dei at 2 skaut på kvar sitt hynne av huset. Den eine râmde den andre i nasa. Då dei fekk han inn, snytte ha(n) seg. Då (kom) der ut ein papirdott som stod 10000 martyrar på. Mannen som râmde ha ladd noko av ei alnakk. Mykje vanleg var det med heimeøl ogso til dette måltid. Heimeølet var deiligt; det var tiast kvinnfolki som brygga. Det var svert godt når det var laga av drevne, dugelege folk: var både sterkt og smaka svert godt. Joledagsmorgonen var det mykje ibruk med turrfisk(ludafisk), godt oppbløytt so den var laus, då var den god. Mathea Reiersen som jätte heime spurde: ”Kann dykk seie kva der lukte i kyrkja joledagsmorgonen.” Ingen kunde. ”Brennevin og ludafisk”, sa Mathea. Både joledagane og nyårshelgi var nokkso like i matvegen. Det var gjestebodsmat og heimeøl som var brygga av malt som var tilstelt og grøpyt fyre jol. Øltunna blei mest gøymd i kjellaren. Andre dag jol tok imote kvelden tok dei ut som vilde på bygda og ”style”. Tenestguten vår minnest eg ein gong tok ut i kvellinga og vilde til øvre Engesland i det erend. Denne styllinga gjordes på fleire måter: Somme tid gav dei kreturet so veldig mykje høi, andre tider leste dei inn i fjøset, so det blei eit storarbeid å få den ut att. Det var på slutten med dette no. Folk var vel blitt forstøkt, då styllarane på Løeland slepte ut grisen so skrubbane reiste med den. Påske og pintse feiras om lag som no.

Brudlaup og likferd.

Til desse "verskap" brygga dei som tiast heimeøl. Det var ein konst å brygge godt heimeøl, og dei fekk ære og ros dei som kunde få det godsmaka og sterkt. Det gjekk runnt i ølskåler som mange gonger var vent rosemåla, og oppe rundt kanten gjekk der som tiast eit måla vers eller ordtøke. Var skålene svert store, sette dei oppi ølet nokre bitte små ølskåler som dei tok og drakk av, dei kallast "sjelsingar". Alle drakk av skålar eller sjelsingar, glas til ølet var ikkje komet ibruk. Derimot bruktes brendevinsglas til å skjenka brendevin i. Nokonslags rusdrikk sterkare enn brendevin var sjeldan å se. Jamnast ha dei brendevin både i brudlaup og likferd, opptil 1 anker = 40 potter. Verskapane vara mest i 2 dagar. Slektningar og serlege vener saman med "bedelaget" mødte alle fyrste dagen og var til seint om kvelden. Slektningane og serlege vener som var reist langt gav seg til om natta og reiste i regelen andre dagen utpå ettermiddagen.

I brudlaup var det tidt dei ha dans anten inne eller på låven, om det var om sumaren. Det traff dei ha spelemann. Det var ialfald tilfelde på Uldal i min søster Berte og Ommund sitt brudlaup. Han var fra Søisdal i Landvik eller det var Froland. Han reid føre "færa" og spela då dei reid til kyrkja på Mykland og seinare i brudlaupet av og til spela han opp til dans. Folk løna han med å putte pengar gjennom essane ned i fela. Dei trøyte elles tia med å "språte" med einannan. Det var sjeldan at dei "fall ut". Til verskap ha dei mest alltid kjøkemeister som bad til bords og stod for skjenkinga. Især i likferder song han føre både føre og etter maten, helst fyrste dagen. Dei søkte gjerne å få ein til kjøkemeistar som var "ordhitten" og pussig til å ordlegge seg. Dette kom serleg vel med når det var i dei verskap dei "bad til kokken". Dei kunde få inn adskjelleg pengar, når han kunde skildra kor ilde det var gjengen med kokken si tvore.

Det lengste brudlaup eg hev vore i var John K. Fidje og min syster Siri sitt brudlaup på Fidje i Vegusdal i 1878. Fyrst var det "flyttings gjestebod" heime på Fidjeland. Folk kom den eine dagen og reiste den andre dagen til Fidje. Rekna saman med flyttingsgjestebodet vara det akkurat 1 full vika. Me var reint utkøyrdet då me kom heimatt. Me ha ikkje fenge ordentleg svevn noka nott. Berre ein husebygning og mange folk so me låg trongt. Kalt var her og. Olav, bror min, låg inn på eit kaldt loft. Han fraus so han blei mykje sjuk so dokter måtte hentes.

Kyrkjedagar.

Der var nokso god søkning til Engeslands kyrkja. Det var helst med kyrkja at folk traff kvarandre. Der var ogso mykje handel på ymse varor. Handel på klokker var det kan hende mest av. Salmon Jakobson Engesland ha alltid mange med seg. Somme påstod han ha lommane fuld, ja, ha sumetider nede i underbuksane og. Det gjekk mykje på byttehandel. So var det sukkertenner og eplar, og omkring haustonna ljaar. Etter prekenen var det tidt komunale møter: skulestyret, fattigstyret, likningsnemnda, ialfald til val av formann. Var det vinterdag, fraus me fælt i den kalde kyrkja utan omnar. Men so kom der omnar, tvo stykker, ved at nokon samla inn pengar til dette i dei ymse skulekrinsar. Eg minnast at eg samla inn i Retterholts krins. Men varmt kunde det ikkje godt bli for der er ikkje hvelv (rot) i den. Ein ser like opp i sprinkelverket, also svert høgt. Deropp gjekk varmen mest. Kyrkja var bygd av ein tyskar som het Skjofert. Før ha kyrkja for Vegusdal stade på garden Vegusdal og der er enno kyrkjegard som austre del av heradet brukar den dag i dag. Kyrkjestaden blei flytta til Engesland som ligg om lag midt i sokna. Der er no tvo begravelses stader, med Vegusdals blir det i alt 3 i eit herad. Eg veit ikkje kva der blei av Vegusdals gamle kyrkje; det var heilt ny kyrkja som blei bygd på Engesland 1867. Kyrkjegarden ved kyrkja var nokkso liten og vassfull. Det skal ha hendt dei må ha stade på kista for å få begyndt å få den til å søkke eller og ause grava med bytter, also til sine tider søkke liket ned. Omkring 1890 åri kjøpte so heradstyret ein sandbakke nedved elva, og der jorda dei dei døde heilt til nylig. No brukar dei den gamle att oppe ved kyrkja; den er no drenera og utvida ved eit tilkjøpt stykke.

I mi barndomstid og framover var det so mange fleir som gjekk til alters enn no, ja, det var vanleg at kvar konfirmera gjekk til alters 2 gonger om året, haust og vår. Herav kjem det gamle kjendte ordet: "No er me ferdige med utearbeidet, no hev me berre att å gå til alters."

Det måtte ikkje vera sers høgtidsamt å gå. Eg veit om ei gift kvinne som gjekk til alters om dagen og om ettermiddagen gjekk ho millom folk og bad nokon heim til drikkelag. Og eg såg med eigne augo ein mann som gjekk til alters og same kvelden låg han i ei seng og sov rusen ut. Og føre mi tid var det nokk so, at ingen fekk gifta seg utan at dei ha gjenge til alters. Folk drakk mykje av og til med kyrkja. Ein gong slogs dei og. Det skulde vera om ei jente frå Hovland. Ein gong kom ein inn i kyrkja og gjorde kvalm. Då måtte far min, som var lensmann, arestere han. Der var ingen annan stad å gjera av han enn i ei stampe ned med elvi. Der stengde han ham inne solenge. Det var mest drikking konfirmasjonssundagane og jolepreikene. Eg hu(g)sar at eg gjekk med Tveit og kunde høyra eiane og skrålet tydeleg radt frå Engeslandsgarden. Og heilt fram til eg var komen til Iveland var det ikkje sjeldan at dei banna og torna utanfor kyrkjegarden når me ha jordpåkasting.

Fare og naud eg hev vore i.

Eg hev fleire gonger vore i stor fåre og berre Gud hev hjelpt meg, og for det takkar eg han varmt. Den fyrste gongen var eg berre liten gut. Dei vaksne var utanfor Kjønneane heime og mol på ei kvern der. Dei ha fenge meg til å møte med hesten; dei vilde køyra heim mjølet. Då eg kom mest utienden av Kjønneane, ha dei mala unda vatnet, so Borken gjekk gjennom isen. Men heldigvis magta han å slå isen fyre seg heilt til lands. Eg sat på hesten heile tia. Den andre gongen var ein sundag då eg gjætte. Me stylla inn til middag, og då eg ha ete, reiste eg burt til Heimeåna for å lauge meg. Eg valde ein djup høl på Steane. Eg trudde eg kunde sømme og la utpå. Då eg kom midtveis, miste eg sømmetakane og gjekk opp og ned 3 gonger og skulde i den fjerde og då ha eg ikkje kome oppatt, for då var eg so ussel at eg kunde mest ikkje gå då eg kom opp att på land, låg eit langt bel og kasta opp vatn. Korleis kom eg då opp? Jau, innpå landet stod ei bjørk med greiner utyver vatnet. Eg fekk tak i ei av dei yste, fine greinane og hanka meg opp og inn. So nær døden kjem eg vist ikkje før eg riktig sloknar. Eg lauga meg eingong ved Teinbunes ved Ystevatn. Eg ha eit bord under meg. Då eg kom utpå, kvælde bordet under meg, og så kava eg, men der var ikkje lenger enn eg kom meg tillands. Eg ha eingong kjøpt ei kyr på Kile av Jens Gunstveit. Eg var der om natta og og tok ut utpå morgonen. Eg tenkte fjorden var sterk; tok opp på nordsia istan for eg skulde ha teke opp på austsia. Då eg var komen langt oppmed fjorden, visste eg ikkje av før kyra la seg i. Eg prøvde å trekke henne opp, men det var umogeleg; det var som å trekke på ein stor stein. Eg totte vondt om kyra at ho skulde ligge å fryse. So tøygde eg meg fram med ein fallekniv å prøvde skjera ut halsen, men eg kunde ikkje få med den. So hoista eg fleire gonger so høgt eg kunde: ”Kom og hjelp!” Ingen svara som venteleg var, der var so langt til folk. So la eg meg på kne og bad til Gud og sa: ”No lyt du Gud hjelpe meg, du ser her er ingen annan hjelp.” So drog eg i bandet, då trakk eg kyra opp som ingen ting. Eg kunde vist ha trekt henne opp nersagt med ei hand. Jau, Gud høyrer bønnen. Det er ikkje for ingen ting der stend: ”Kall på meg den dag du er i naud!” Det var ei almindeleg stor kyr. Då me sende henne til Samslagteriet, vog den 138 kg. Men Herrens hjelp var ikkje slutt med det. Då me kom opp mest midt for Odderstølplassen, so vilde eg ta over fjorden der og over på austsida. Då ha plassemannen, Ola, sett meg, so kjem han ut i ein gloande fart og ropte so høgt han vist kunde: ”Ko tenke du på, vil du søkke deg ned, vil du øve dera, der er mest ikkje is.” Ha eg gjenge nokre steg til, ha eg vel lege i fjorden med både eg og kyra. So tok eg inn til ves(t)landet att og gav meg til (p)å vestre Hodne om natta.

Ein vår i snøløysinga gjekk Olav, tenestguten, Bård Kristenson Lunden og eg på sida av ein annan yver Dovlandsvatnet, me vilde til Engeslands kyrkja. Frå Dovlandsbruna gjeng ein straum utetter i vatnet. So viste me ikkje av før bakenden av skiane byrja siga. So sprang me det me kunde og kom soleis inn på sterk is. Ha me ikkje det gjort, ha me vel ”lagt oss i”. Me var nemleg komen i den straumen med skiane. Eg var ein vågehals då eg var ung. I 1880, det året eg ”gjekk og las”, bygde far om husane heime til dobbelt høge. Dei er dygtig høge, serleg på vestkanten då der er so høg mur. Då mønåsen var lagd, gjekk eg endelangs den. Ha eg dutte ned, ha eg sjølvsagt slege meg ihæl. Austanfor Skafthøl på den breide vassflata låg mykje last laus. Det var i den tid eg jætete. So sprang eg på desse lause stokkane. Sommetid

kunde dei ligge noko langt frå kvarandre, so eg datt ned millom dei med ein arm om kvar stakk.

Det var den tid eg heldt skule på Heimdal. Det var ein sundagskveld eg kom til åna midt for Vestøl. Då ha den lagt seg so eg skyna ikkje koss eg skulde koma over. Å bry folk til å slå isen so dei kunde koma over og hente meg med pråm, sytte eg so med, viste det blei mykje arbeid. So la eg meg på magen so lang eg var, so det kunde "trye" godt, tok so fallekniven og stakk den i isen og drog meg over soleis. Isen gav seg, det blei ein dal rundt meg, men eg for ikkje i då det var stålis. Men Gunnar Møkjåland, han budde då på Vestøl, skjende dugeleg på meg for eg var so vågen.

Visitasar, bisper og prester.

Som barn var eg på visitas for Jørgen Moe i Herefoss kyrkja. Han var då blitt noko sjuk av sukkersjuka. Eg la merke til at han drakk mykje vatn av ei stor mugge som stod på alteret. Eg minnst enno korleis han såg ut.

Som lærar minnst eg at eg mødte fram og katekiserer for biskoppene Hauck, Torkildson og Støilen. Der kunde forekomme mange snodige katekisationer. Det var soleis ein lærar frå Mykland som spurde barna: "Kan dykk segja meg kva det er det ugudelegaste lem på det mennesklege lekam?" Borni kunde ikkje det, so han måtte segje det sjølv at det var tunga. Ein lærar frå Evje sa: "Denne herre Gud fader", "denne herre Guds son". Det var moro med visitas for eg blei ikkje mykje føre, men det var pinleg for dei som det blei. Det kunde ogso vere so at dei av den grunn gjorde det kleint. Det var vanleg at det var bise- og prostvisitas annankvar gong, 2 a 3 år millom kvar visitas. Det blei slutt med at lærarane skulde ha borna fram på golvet, men borna møter no fram til samtale med bisp eller prost. Det er vanlegt enno at lærarane møter fram på visitas. Frå lærarstandet kom der uttalelse til dei styrande at der var ikkje staden dei skulde kontrollerast. Staden var i skulestova. Lenge framover var det ibruk at presten ha borna "fram på golvet" om sumaren ein eller tvo gonger. Det er og sløyfa no. Berre konfirmasjonsdagen er det nokkso vanleg. I mi levetid hev desse vore bispar: Von der Lippe, Livius Smith, Tandberg, Torkildson, Skjelderup, Hauck, Jørgen Moe, Støylen og Maroni. Den fyrste prest som eg minnst var Abraham Andersen. Den gongen ha prestane 4 kyrkjesokner: Evje, Hornnes, Iveland og Vegusdal. Seinare blei Vegusdal lagt til Herefoss prestegjeld, som no blei Herefoss, Mykland og Vegusdals sokner.

Dette prestegjeld ha fleire svert kleine prestar. Den fyrste presten etter nemnde omskipnad var Andreas Rasmussen. Der var adskjelleg innhald i det han preika, men der var liten eller ingen forandring i tonefallet, det lydte som når ein mel på ei kvern. Men for skulen var han ein god mann for Vegusdal. Han var formann for skulestyret og var ikkje redd for å fyreslå forbetringar. Det var so snodig ein preikesundag. Presten budde alltid hos Siri Engesland i den austre stova i dei gamle husa der. Der var so stor (e)i forstova på sida av prestestova. I den heldt ein som tala Guds ord, møte etter preika. Han heitte Kristen, men folk kalla han Kristen i Fæne. Han ha folk til å synge den salma: "Hvor stor er dog den glede". Då dei song på 5te vers: "I blandt de lærdes skare sig Jesus sette ned" o.s.v. Då kom Rasmussen ut nokkso oppbrakt og meinte på at det skulde vera slutt, og det blei slutt. Rasmussen flutte som prest til austre Toten. Eg tru han var der til han døydde. Den neste presten var Vilh. Sørensen. Det var ein bra prest, omgjengeleg og gild mann. Han var blitt forkjøla, det sette seg til tæring. Han blei prest til Hisøy ved Arendal og døydde der. Diverre fekk han ord for å drikke; han skulde ha byrja med det sterke for om mogeleg å stanse sjukdomen. So fekk me Jacobsen frå Haugesund, ein svert klein prest. Det lydte so at frua som jente ha sett det vilkår for ekteskap at han skulde bli prest. Ein sundagsmorgon kom lærar Halvor Heimdal inn til han på Engesland. So sa han til Halvor: "I dag så jeg så rar en ful, den var sort med gult nebb." "Det hev vore staren det", sa Halvor. Når der var prek var folk seige før dei gjekk inn i kyrkja. Ein slik preikesundag kom han opp i tunet til Olav Person og sa til folk: "Nu er det på tide at mann går i kirke." Han tala alltid so "fornemt". Kjersti Lia sa: "Dykk lyt riktig vera med å be at me kan sleppe denne svarte presten." Han ha svart hår. Han flutte frå Herefoss til Landvik. Etter han kom der ein av den same sorten. Han heitte Funnemark. Han tala eingong i

Engeslands kyrkja om Peters fiskedrett. So sa han: ”Det var ikkje so dumt av Peter å sette garnet ut på djupet, for ingen veit kor haren hopper sa mannen han sette snaror på taket”.

Emisærar og andre som tala Guds ord.

Dei kristelige møtene er nokkso like som då. Men då var her nesten ingen bedehus, men kyrkjone og skulehusi brukte dei sumetid, men ellest var det mest vanleg hus som blei bruka. Skulehus var det yderst få av i den tid, og desse var i regelen so små at dei var ikkje stort større enn dei største privathus. Den fyrste emisæren eg høyrde var Isaksen, ein der fylgde vekkelse med. Den neste var vel Hjorteland fra Mandalskanten. Og so var det presten Lars Oftedal frå Stavanger. Han var sver til å tala og heldt tidt fleire møter om dagen. Eg reiste heilt til Kleveland i Evje for å høyre han. Eg totte eg ha godt utbytte av reisa heilt frå austre Fidjeland. Ein akta forkjynnar i den tid var Torstein Haakedal, dei kalla han ”juringen”. Han ha med seg bibelen når han jätte, og folk meinte han kunde bibelen utanboks. Nokk var det at når han slutta møtet, so sa han tidt farvel med folk, og då gav han kvar av dei eit bibelsprog. Denne glupe forkynnaren kom diverre på avvegjar i læren om forsoningen. Han kjøpte seg eit bruk i Birkenes, eg trur det var Slogedalen det heitte og slog seg ned der. Det hende han reiste noko; der var alltid dei som vilde høyre han. Han blei over 90 år. Ein omframs talar var Th. Retterdal. Han ha m.a. eit veldigt mål. Olav Sørensen Hagen reiste mykje, især i Iveland. Han var streng i sin forkyndelse; nokon totte den var altfor streng. Han budde på Hagen i Torridal. Han ha vore hard med ungdomen til dels i sine taler. Den var difor hatig på han. Eingong kom dei ned og reiv sund på hustoka for han. Då dei ha halde på eit godt bel ropa han til dei: ”No hev dykk stræva so, kom no ned so skal dykk få mat.” Ei annan gong ha nokre ungdomar vorte einige om at dei vilde sette eld på huset hans. Men då dei kom ned, var huset omringa av englar, so dei kunde ikkje koma til. Ja, soleis fortel folk.

Svenn Liane reiste nokkso mykje i Vegusdal. Det var ein murar, vist heilt utan utdanning men ein hyggjeleg mann, folkeleg og sers barnsleg i si forkjønning. Han spela gitar og song og folk likte å høyra han. Og ordi hans ha virknad. Han budde einstad ved Mosbø. Folk fortalde at når han ha mura pipane opp på taket, so priste han høglytt Gud og song salmar. Nils Belland talte ogso her og der i Vegusdal, men mest i Birkenes. Folk likte å høyre han. Høines frå Mandal tala og mykje, helst i Iveland. Somme tider heldt Det Norske Misjonsselskaps valde styre stevne på Engesland. Då kunde der vera veldig mange folk, og dei ha i regelen med seg opp sers dugelege talarar.

Slutning.

Til slutt vil eg nemne noko om meg sjølv. I det heile må eg segja som Svenn Føyn: ”Gud hev alltid vore so urimeleg god mot meg.” Ha eg berre vore som eg skulde, eller berre som eg kunde ha vore, so ha vist Gud gjeve meg lukke i alt. For etter eg gav meg over til han, so tykkjer eg at han høyrer om lag alle mine bønner, og at han veit ikkje det beste han vil gjera meg. Når berre ein er barn so er han far. Mi åndelege vandring hev vore soleis: Som 9 års barn omlag blei eg vekt på. Me var til øvre Fjermedal på eit møte som emisær Isaksen heldt hos Ola Aslaksen, der no Marie Engesland er. Han tala over dei ordi: ”Å vilde du lyda på mine bod! So vart din fred som elvi og di rettferd som havsens bylgjor.” Dei stend hos Jesaia kap. 48 v. 18. Det var ein emisær der fylgde vekking med. Fleire av skuleborna blei vakte, m.a. Olav Osmundson Fidjeland d.æ., vestre Fidjeland. Me var av åleine og bad av og til i friminuttane. Han blei ståande, sovidt eg skyna. Han var nokre år eldre enn eg. Eg ha ingen som forstod meg, kunde rettleida og hjelpa meg; so gleid eg etterkvart burt i verdenshivet, men roleg var eg ikkje. Som jurung og oppetter bad eg tidt til Vårherre når eg var i naud. Med dette gjekk det til våren 1895. Då heldt eg skule på Aanesland, men budde hos Søren Heimdal. Då blei eg ålvorleg sjuk av ”vand for lungen” eller pleuritt. Ha på drege me(g) sjuka med drikke kaldt øl medan eg var sveitt og varm. Låg i fleire viker. Ein dag opplivde eg ei stund virka av Guds ande. Eg fekk låna blekk, pen og papir og dikta ein song på 10 vers: ”Eg er so glad eg er ein himlens arving.” Versa kom so fort som eg kunde fylgja å skriva dei ned. Eg var mykje sjuk. Doktor Hølaas som då budde på Myra i Topdal, blei henta. Han forordna m.a. ei spansk fluge

på brystet, som då den ha lege på ei tid, saug ut ein kaffekop med vatn av den eine sida. Eg sputta mykje blod. Doktoren forbaud meg å synga ei tid. Etter sjuka fekk eg årebetendelse i føtene som vara om lag i 6 vikor. Eg trur mest eg var ein kristen eit par år, men kom so saman med verdslege folk. Då gleid eg meir og meir burt frå livet i Gud og blei religiøs, ”eg ha namn av å live, men var død”. Eg tala med sjuke, heldt endåtil i fleire år misjonsmøter, men alltid kjende eg at det var noko som felde. Det kjendes best når eg var saman med sande kristne. Men so kom den tid då Gud tok meg alvorleg. Eg måtte på St. Josefs hospital i Kristiansand og blei operera av dr. Bie. Sjølve operasjonen gjekk svært godt. Men baketter blei eg forkjøla etter å (ha) drukke kall mjølk, fekk feber i vikevis og kunde mest ikkje ete noko. Følgeleg tok eg av meg svært, so sistpå viste eg ikkje anten det bar til liv eller død. Då bad eg Jesus at han ved sin ande vilde gjera meg til eit Guds barn i ånn og sanning for sin døds og blods skyld. Då skjedde underet. Eg kan ikkje forklåre det, men no var eg blitt atterfødd til ei livande von. Alt var blitt nyt. Det var dei fyrste dage av mars 1938, og no var eg ikkje redd for å døy. Og det varar, Gud ske lov, enno eg veit eg er ussel og elendig i meg sjølv. Eg må segja eg hev det godt og fredfullt kvar dag. Er det naud, so segjer Gud: ”Kall på meg den dag du er i naud, so vil eg utfri deg og du skal prise meg.” Viare: ”Ver ikkje i sut for nokon ting o.s.b. (”) Filip 4v.6. Guds lovnader er so mange, og ”løfterne rokkes ei”. Det hev ogso eg fenge se er sandt. Og no vilde eg ikkje bytte om eg fekk allverdens gull. Kva kunde vel det hjelpe meg når dei bere meg bort i ei kjiste tomhendt. Men det er so tregeleg at mi beste kraft er gjengen og eg hev lite å inkje fenge gjort for han som hev gjort alt for meg. Eg kunde kan hende ha fenge ført over nokon frå mørke til ljøs. No blir det vesentleg å be for folk, fyrst og framst for mine. Endeleg: ”Søk Herren medan han er å finna, kall på han den stund han er nær!”

”Glæde utan Gud ei finnes, uten Gud ei finnes fred. Tom den lykke er som vinnes når vi glemmer Gud derved. Men slett ingen ting kan rykke gleden av ditt barnebryst, når i både nød og lykke du gir akt på Herrens røst.”

Ja, velmødt deroppe!